

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Oppfølging - Forvaltningsrevisjon Bybanen utbygging

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon av internkontroll i Bybanen utbygging, ønskjer lukke til i det vidare arbeidet og seier seg ferdig med saka.

### Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si fjerde oppfølging av vedtak gjort i fylkestinget 01.10.2019 av forvaltningsrevisjonsrapport internkontroll i Bybanen utbygging.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen håndskrivne underskrift*

### Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon bybanen utbygging - Dokumentsenterets oppfølging
- 2 Rutine for fordeling av journalført post HFK
- 3 Utkast - Fordeling av journalført post

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 68/19 i møte 01.10.2019:

*«På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevisjon av Bybanen Utbygging ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:*

1. *At det vert utarbeidd skriftlege rutinar knytt til:*
  - a. *dei ulike oppgåvene som inngår i hovudprosessar for byggetrinn i BU sitt kvalitetssystem, og*
  - b. *dei delane av anskaffingsprosessen der det er identifisert behov for nye/reviderte rutinar.*
2. *Etablere systematiske kontrollar for å undersøke og følgje opp at etablerte rutinar og malar for gjennomføring av sentrale arbeidsoppgåver blir nytta i samsvar med intensjonen.*
3. *Sørge for at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med system og rutinar for å halde oversikt over inntekter i byggetrinnet, under dette oversikt over kva utgifter dei ulike involverte aktørane skal betale for, samt rutinar for å berekne dei kostnadene som skal vidarefakturerast og når kostnadene skal betalast inn.*
4. *Evaluere prosessane knytt til inngåing av prosjekteringskontrakt for byggetrinn 4, og gjennomfører analysar av om det i samband med inngåing av denne type kontraktar finst relevant forbettingspunkt det er viktig at BU tek omsyn til i seinare prosessar for inngåing av tilsvarande kontraktar.*
5. *At det vert arbeidd vidare med å løyse utfordringane når det gjeld samhandling med Bane NOR og oversending av relevante anskaffingsrettslege dokument til BU fra dokumentsenetert i Hordaland fylkeskommune.*
6. *Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen har vore behandla i kontrollutvalet ved tre tidlegare høve, der det i møte 25.11.2020 vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av punkt 5 b i forvaltningsrevisjon internkontroll av Bybanen utbygging til møte i utvalet 17.02.2021.*
2. *Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort på dette punktet for å få på plass forbeting.*
3. *Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 27.01.2021.*

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

### Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke vedlagte notat dagsett 21.01.2021, inkludert 2 vedlegg, frå fylkesrådmannen. Det inneheld status for oppfølging av punkt 5 b i forvaltningsrevisjon av internkontroll i Bybanen utbygging. Av notatet går det fram at alle forbettingsprosessane no er ferdig gjennomført. På bakgrunn av det som går fram over bør kontrollutvalet vera nøgd med det arbeidet som er gjort, ønskje lukke til i det vidare arbeidet og seie seg ferdig med saka.

### Konklusjon

Som konklusjon på det som kjem fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon av internkontroll i Bybanen utbygging, ønskjer lukke til i det vidare arbeidet og seier seg ferdig med saka.